

**Fra:** Slinde Nils Magne [nils.slinde@vegvesen.no]

**Til:** Heidi.Nerland@mrfylke.no [Heidi.Nerland@mrfylke.no]; Per Ove Nydal [per.ove.nydal@mrfylke.no]; Steinar Belsby [stbe@stranda.kommune.no]; Oppland fylkeskommune [postmottak@oppland.org]; post@skjaak.kommune.no [post@skjaak.kommune.no]; Postmottak Sentraladm [Postmottak.Sentraladm@sfj.no]; Stryn kommune [postmottak@stryn.kommune.no]

**Kopi:** Elvsaas Trygve [trygve.elvsaas@vegvesen.no]; Moltubakk Andre [andre.moltubakk@vegvesen.no]; Finden Sverre Egil [sverre.finden@vegvesen.no]; Lobenz Vigdis [vigdis.lobenz@vegvesen.no]; Oppedal Tone Margrethe [tone.oppedal@vegvesen.no]; Martinsen Jan A [jan.martinsen@vegvesen.no]

**Sendt:** 20.01.2016 08:10:34

**Emne:** Orientering om KVU rv. 15 Strynefjellet

**Vedlegg:**

Hei

Som de kanskje kjenner til utarbeidde vi i Statens vegvesen i 2011 ein konseptvalutgreiing for rv. 15 Strynefjellet. Sluttrapporten er datert mars 2012. Vi fekk i oppdrag å levere ein tilleggsutgreiing i 2014 og eit nytt oppdrag med å revidere denne tilleggsutgreiinga i juli 2015. Vi arbeider med denne revisjonen no. Det nye i denne revisjonen er å greie ut heilårsveg til Geiranger. Vi tenkte dette var av størst interesse for Møre og Romsdal fylkeskommune og Stranda kommune, men ser at det også kan vere av interesse for fylkeskommunane og kommunar både i Oppland og Sogn og Fjordane.

Rammene for arbeidet er som følgjer:

Samferdselsdepartementet ba i brev av 17.2.2014 om ei tilleggsutgreiing: «Tilleggsutredningen skal gi tilråding om langsiktig løysning for rv. 15 over Strynefjell. Det skal legges til grunn en kostnadseffektiv og tjenelig løysning, som sikrer tilfredsstillende regularitet for trafikk vinterstid og som i tillegg sikrer god framkommelighet for næringstrafikken. Hensynet til verneområder og villrein skal ivaretas.»

Vi fekk i 2014 i tillegg nokre presiseringar av måla for planarbeidet:

- Problema med dagens tunnelar skal løysast.
- Vi skal løyse fokk-/skredproblem på strekninga (Grasdalen, Breidalen, Napefonna, Gotiskarfonna).
- Vi skal fjerne stigningsproblema frå Skora opp til Oppljostunnelen for å få akseptabel framkomst for tungtrafikken.
- Løysinga skal, med dei gjevne føresetnadene, prioritere lågast muleg kostnad høgt ved utgreiing av alternativ.

I oppdraget med revisjon av tilleggsutgreiinga frå 2014 bad Samferdselsdepartementet i juli 2015 om følgjande:

- Tilleggsutgreiinga skal også sjå på eventuelle løysingar som legg til rette for eventuell framtidig heilårsveg til Geiranger. Det vert samstundes føresett at ein eventuell heilårsveg til Geiranger vil vere eit fylkeskommunalt prosjekt.
- Kostnadsanslag i tilleggsutgreiinga skal være oppdatert i høve tidlegare vurderingar.
- Utgreiinga skal inkludera ein samfunnsøkonomisk analyse av dei ulike alternativa, og analysen må utførast slik at den er direkte sammenliknbar for alle alternativ som inngår.

Vi arbeider no med revisjonen av denne tilleggsutgreiinga. Vi har planlagt å levere i løpet av mars månad, men det står enno att ein del avklaringar om utforming av tunnelane som inngår i dei ulike alternativa. Samarbeidsgruppa for KVVU-en har ikkje vore aktiv sidan februar 2012, så vi har ikkje rekna med at det er relevant å aktivisere den i samband med revideringa av tilleggsutgreiinga. Men dersom nokon ønskjer meir informasjon om dette arbeidet, så ta gjerne kontakt så kan vi få til eit orienteringsmøte.

Sjå også: <http://www.vegvesen.no/vegprosjekter/rv15strynefjellet>

Med helsing  
Nils Magne Slinde

**Stab:** Styring og strategistab

**Postadresse:** Statens vegvesen Region vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER

**Kontoradresse:** Askedalen 4, LEIKANGER

**Telefon:** +47 57655810 **Mobil:** +47 90154550 **e-post/Lync:** [nilslinde@vegvesen.no](mailto:nilslinde@vegvesen.no)

[www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no) **e-post:** [firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no)

Tenk miljø - spar papir. Treng du skrive ut denne e-posten?